



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Eidesvik Settefisk AS

5443 BØMLO

Vår dato: 19.03.2001

Vår ref.: NVE 200101370-7 rv/ias

Arkiv: 911-512.3/043

Dykkar dato: 20.09.2000

Dykkar ref.: Magne Eidesvik

Sakshandsamar:

Ivar Sægrov/Jens Aabel

57 83 36 72/ 22 95 90 11

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org.nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Oversending av konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet og Kvernavatnet, Bømlo kommune i Hordaland

Vi viser til søknad av 20.09.2000.

1. Vedlagt oversender vi konsesjon frå NVE for regulering og uttak av vatn frå Eidesvatn og Kvernavatn. Konsesjonen med vilkår er fastsett i medhald av Lov om vassdrag og grunnvatn (vassresurslova) §§ 8. 25 og 26. Ei utgreiing om vedtaket er vedlagt i notat av 13.02.2001, "Bakgrunn for vedtak".

Vi gjer merksam på at dette løyvet etter vassresurslova gjeld i høve til evt. verknader som utbygginga/tiltaket kan medføre for allmenne interesser knytt til vassdraget. Løyvet gjev ikkje heimel for evt. ekspropriasjon av rettar for å kunne gjennomføre tiltaket. Søkjar har sjølv ansvar for å avklare tilhøvet til evt. andre med private rettar som blir berørt ved utbygginga.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Med helsing

Trond Ljøgodt
avdelingsdirektør

Rune Flatby
seksjonssjef

Vedlegg: 2

Kopi Bømlo kommune, Kommunehuset, 5430 Bremnes
m/vedl.: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 106, 5001 Bergen
Fiskeridirektoratet, Region Hordaland, Postboks 233, 5804 Bergen
Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
NVE-RV.

Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Eidesvik Settefisk AS/Vassuttak og regulering til smoltanlegg		
Fylke/kommune:	Hordaland/ Bømlo		
Ansvarlig:	Rune Flatby	Sign.:	
Saksbehandler:	Ivar Sægrov	Sign.:	<i>fa</i>
Dato:	19.03.2001		
Vår ref.:	NVE 200101370 - 5	KTV	20/2001
Sendes til:	Søkar, OED, Fiskeridirektoratet og høyringsinstansar som har gjeve uttale i saka.		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Eidesvik Settefisk AS - Søknad om regulering og uttak av vatn frå Eidesvatn og Kvernavatn, Bømlo kommune i Hordaland

Innhold

1. Konklusjon	1
2. Søknaden	2
3. Handsaming av søknaden	3
4. Innkomne merknader	3
5. Vurdering	4
6. Kommentarer til vilkåra	5

NVE har mottatt søknad om regulering og uttak av vatn frå Eidesvatn og Kvernavatn datert 20.09.2000.

1. Konklusjon

NVE konkluderer, ut frå ei samla vurdering, med at Eidesvik Settefisk AS får konsesjon til vassuttak frå Eidesvatnet og Kvernavatnet til settefiskproduksjon. Eidesvatnet blir regulert med 9,5 m. Reguleringa blir gjennomført med 5,5 m senking og 4 m oppdemming. Høgaste regulerte vasstand (HRV) blir på kote 8. Det blir også gjeve løyve til å overføre vatn frå Kvernavatnet til Eidesvatnet avgrensa til det tilsig som til ei kvar tid gjev ein vasstand i Kvernavatnet som er høgare enn 0,5 m under HRV som skal vere identisk med overløp på dammen i utløpet av vatnet.

2. Søknaden

Eidesvik Settefisk AS søkte den 16.06.98 Fiskerisjefen i Hordaland om løyve til å utvide produksjonskapasiteten frå 700.000 til 1 mill sjødyktig settefisk ved selskapet sitt produksjonsanlegg i Bømlo kommune.

Den 12.04.99 sende Fylkesmannen i Hordaland saka over til NVE for vurdering om eksisterande overføring av vatn frå Kvernavatnet og regulering av Eidesvatnet var konsesjonspliktig etter vassdragslova. Fylkesmannen tilrådde samstundes konsesjonshandsaming for evt. å kunne fastsette vilkår for vassuttaket. I tilrådinga vart det etterlyst ei analyse og utgreiing av tilhøve for å kunne vurdere effektane ved reguleringane på miljøet i og kring vassdraga.

Etter kontakt med NVE fremma Eidesvik Settefisk med brev datert 20.09.2000 følgjande søknad:

"Det blir søkt om konsesjon for overføring, regulering og uttak av ferskvatn til settefiskproduksjon basert på følgjande inngrep i Eidesvatnet og Kvernavatnet:

Overføring: Pumping av vatn frå Kvernavatnet til Eidesvatnet når vannstanden er høgare enn 0,5m under overløp (HRV) i Kvernavatnet.

Regulering: Utløp av Eidesvatnet regulert med 9.5 m (5.5 m oppdemming og 4 m senking).

Inngrepa i dei aktuelle vatna er alt utført.

Berørte vassdrag

Dei berørte vassdraga ligg i Langevågsområdet på Sørø Bømlo. Hovedmagasinet er Eidesvatnet (Vassdrag nr. 043.0, vatn nr22402) med HRV på kote 8 moh. Vatn til anlegget vert pumpa opp frå ein pumpestasjon, som er plassert på ein flåte innanfor demninga i Eidesvatnet, og opp i ein stor trykktank som forsyner settefiskanlegget med vatn. I tillegg har Eidesvik ein avtale med Bømlo kommune om å nytte overskotsvatn frå nabovassdraget Kvernavatnet (vassdrag nr 043.0. Vatn nr 22371), som også er ei lokal drikkevassskjelde i Langevågsområdet for 1300 personekvivalenter. Kvernavatnet er i dag regulert med ein 3 m høg demning, og det er høve til å tappe alt overskotsvatn så lenge vannstanden er høgare en 0,5 m under overløp (HRV). Overskotsvatnet vert overført til Eidesvatnet gjennom ein røyrleidning.

Eidesvatnet som har eit nedbørfelt på 1,7 km², vart fyrst regulert ved oppstart av fiskeanlegget i 1987.

Kvernavatnet som har eit nedbørfelt på 1,3 km², inngår i Bømlo kommune sin hovudplan for drikkevassforsyning. Vatnet vart fyrst regulert 2 m ved at ein gammal kverndam vart sett i stand. Dammen er seinare heva til 3 m (i 1992)."

Verknader for fisk m.v.

Saman med søknaden vart det lagt fram ein rapport frå firmaet Rådgivende Biologer AS som har utført fiskeribiologiske granskningar og utarbeidd ein konsekvensvurdering av planlagte/gjennomførte reguleringsinngrep.

For Eidesvatnet blir det vist til at vatnet har ein middels tett bestand av aure og at fiskestammen har tiltrekkeleg naturleg rekruttering. Det blir imidlertid peika på at det kan tenkjast situasjonar med sterk nedtapping i aktuelt tidspunkt for gyting om hausten, slik at fisken kan få vanskar med å vandre

opp i aktuelle gytebekkar. Strandsona rundt Eidesvatnet er relativt bratt. Fisken har normalt god kondisjon og rask tilvekst.

Eidesvatnet hadde tidlegare (før 1987) oppvandring av sjøaure, men etablering av demningen og anlegget tørrla fullstendig utløpselva og sjøauren i vassdraget gjekk då tapt. I rapporten blir det faktum, at reguleringsinngrepet delvis er gjennomført for fleire år sidan, nemnt som eit noko spesielt, men interessant forhold i relasjon til informasjon om kva verknader inngrepet medfører

For **Kvernavatnet** er det ikkje utført granskingar då det blir vist til at reguleringa her blir gjennomført av andre enn konsesjonssøkar. Det er likevel utført fiske/vurderingar av tilhøva i utløpsbekken frå vatnet. I rapporten blir det vist til at bekken kan være "lakseførande" omtrent 300 m opp frå utløpet til sjøen, men at overføringa av "overskotsvatn" medfører periodar med redusert vassføring og tørrlegging på den øverste strekningen i vesentleg lengre periodar enn før. På ein kanalisert strekning gjennom dyrka jordbruksareal, vart det registrert ein del aure og på ein strekning gjennom tett lauvskog ein relativt tett bestand av aureungar i aktuelle årsklassar. Det blir vist til at det ikkje blir rekna med at overføringa vil medføre vesentlege endringar for fiske i vatnet og faunaen i omkringliggjande områder.

I søknaden er det gjort ei inngåande drøfting i høve til vasskjelda sin kapasitet og anlegget sitt forbruk både ved eksisterande og den utvida produksjon som det er søkt om. NVE har sett nærare på grunnlaget for utrekning av hydrologiske data som er lagt fram. I søknaden er det nytta ein kombinasjon av nedbørsdata og NVE sine avrenningskart for å komme fram til kor mykje vatn som vil vere mogleg å ta ut av vasskjelda gjennom året. I søknaden blir det vist til at det vil vere viktig å styre produksjonen slik at det blir mogleg å få til ei god utnytting av tilgjengelege vassmengder. Konklusjonen frå søkjar er at det er *"nok vatn for den omsøkte produksjonen, og at anlegget har nok bufferkapasitet til å møte minst eit heilt år med nedbør mindre enn normalt."*

3. Handsaming av søknaden.

NVE sende søknaden på høyring den 23.10.2000. Den vart kunngjort i Norsk lysingsblad i Oslo, og i avisene Bømlø Nytt og Haugesund Avis. Søknaden vart også lagt ut til offentleg ettersyn på kommunekontoret på Bømlø med høyringsfrist på 4 veker.

4. Innkommne merknader.

NVE mottok fylgjande merknader i saka:

Fylkesmannen i Hordaland (brev datert 14.12.2000) har ikkje prinsipielle innvendingar til at det blir gjeve konsesjon i samsvar med søknaden. Det blir likevel vist til at tiltaka det blir søkt om alt er gjennomført og at dei m.a. har medført at Eidesvatnet er blitt avstengt for anadrom fisk slik at opprinnleg sjøaurestamme i vassdraget har gått tapt. NVE blir bedt om å sjå på om tiltaket som vart gjennomført er lovleg etter vassdragslovgjevinga. For Kvernavatnet tilrår fylkesmannen at overføring av vatn berre kan gjennomførast når det er overløp på dammen. For å takle ei slik løysing må det etablerast eit arrangement som samlar vatnet nedstrøms dammen.

Fylkesmannen sine forslag til vilkår:

- 1) *Demning/regulering av Eidesvatnet: Det bør setjast vilkår om at det kan verte gjeve pålegg om oppfølgjande fiskebiologiske granskingar og kompenserande tiltak som fiskeutsetjingar og biotopforbetrande tiltak*
- 2) *Overføring frå Kvernavatnet: Det bør overførast vatn berre når det er overløp ved demninga. Dette sikrast ved at vert etablert tappekum.*

Bømlo kommune (brev datert 23.01.2001) rår til at det vert gjeve løyve til omsøkte regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet og Kvernavatnet.

Kommunen viser til at det i 1998 var kommunal handsaming av søknaden om utviding til 1 mill stk settefisk og at det då ikkje vart avdekkja konflikhtar i høve til anlegget. Det blir vidare vist til avtalen som Eidesvik Settefisk AS har med kommunen om å nytte overskotsvatn frå Kvernavatnet.

Eidesvik Settefisk har fått oversendt merknadane, men melder i brev, datert 09.02.2001 frå om at det frå selskapet ikkje er kommentarar eller innvendingar.

5. NVE sin vurdering.

Vassdragstiltaket som omfattar regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet og overføring frå Kvernavatnet, vil bidra til å sikre tilgangen på ferskvatn til settefiskproduksjonen i søkar sitt oppdrettsanlegg. Ulemper ved anlegget er ei stor regulering av Eidesvatnet som vil føre til at reguleringssona i periodar av året vil ligge tørrlagt og skjemma for landskapet. Disponeringa av vatn frå dei to magasinane med stenging av utløp og delvis tørrlegging av elvestrekningar, har negativ verknad for villfisk i vassdraga. Spesielt er det uheldig at anadrom fiskebestand i elva frå Eidesvatn er gått tapt.

Det er elles ikkje opplyst at det er forhold med spesielle verneverdiar i området.

Fylkesmannen ber i si fråsegn NVE vurdere om dei etablerte reguleringsinngrepa, spesielt i Eidesvatnet er lovlege. NVE ser at det kan vere grunnlag for ei slik problemstilling, men finn at anlegget vart etablert for 10 – 15 år sidan og at det tidlegare ikkje har blitt gjort vurderingar eller kome fram innspel som har gjeve grunnlag gå nærare inn på den formelle handsaming av etableringa i høve til vassdraglovgjevinga. Verknader for vassdraget og omfanget av reguleringsinngrepet tilseier likevel at saka burde vore gjennom ei vurdering i høve til vassdragslova i ein tidlegare fase.

Den samla reguleringa av Eidesvatnet på 9.5 m representerer ei sterk utnytting av tilgjengeleg vassressurs for anlegget. NVE støttar fylkesmannen sin tilråding om å sette vilkår for å kunne pålegge evt. granskingar eller tiltak for å kompensere for skader eller ulemper.

NVE vil også vurdere å pålegge at det blir etablert eit arrangement for overføring av vatn i tilknytning til dammen i Kvernavatn som sikrar at vasstanden i vatnet meir konstant blir liggjande på HRV. Detaljar for utforming av dette blir fastlagt ved godkjenning av detaljplanar for anlegget.

I søknaden er det konkludert med at det er nok vatn til planlagt utviding og drift av settefiskanlegget, sjølv i år med nedbør mindre enn normalt. Etter NVE sin vurdering bør det i ei sak som denne også gjerast vurderingar og presenterast opplegg om korleis drifta vil kunne takle situasjonar med vesentleg mindre tilsig enn i ein normalsituasjon. For fisk i anlegga vil det vere nødvendig at det er tilgang på vatn også i periodar med langvarig tørke og manglande tilsig. Slike situasjonar vil vere vanskeleg å identifisere gjennom grove middelvurdiar som tilsig pr. månad m.v. og det bør defor gjerast vurderingar knytta til minimumsverdiar som kan vere realistisk å måtte takle.

Den samla vasskjelda for settefiskanlegget vil etter NVE sin vurdering i enkelte år og i periodar bli knapp. Viktig for anlegget er det betydelege magasinet i Eidesvatn som ved godt planlagt utnytting vil representere ein viktig bufferkapasitet og redusere tap av vatn i nedbørsrike periodar.

I høve til innkomne merknader finn NVE elles ikkje at det er vesentlege innvendingar til at vassuttak og regulering blir gjennomført i samsvar med søknaden. Negative verknader for allmenne interesser blir etter ei samla vurdering av skader eller ulemper vurdert som akseptable i høva til den samla nytte som tiltaket vil gje.

Konklusjon

NVE konkluderer, ut frå ei samla vurdering, med at Eidesvik Settefisk AS får konsesjon til vassuttak frå Eidesvatnet og Kvernavaatnet til setjefiskproduksjon. Eidesvatnet blir regulert 9.5 m. Reguleringa blir gjennomført med 5.5 m senking og 4 m oppdemming, og med HRV på kote 8. Det blir også gjeve løyve til å overføre vatn frå Kvernavaatnet til Eidesvatnet avgrensa til det tilsig som til ei kvar tid gjev ein vasstand i Kvernavaatnet som er høgare enn 0.5 m under HRV som skal vere identisk med med overløp på dammen i utløpet av vatnet.

6. Kommentar til vilkåra.

Jf. konsesjonen.

Post 1.

Konsesjonen gjeld vassuttak til produksjon av settefisk og kan ikkje gjerast gjeldande for andre vassdragstiltak eller utnyttingsformer.

Post 3. Godkjenning av detaljplaner, landskapsmessige forhold m.v.

Vilkåret vil m.a. omfatte vurdering og godkjenning av detaljplan for inntaksarrangement for overføring av vatn frå Kvernavaatnet, jf. fylkesmannen sitt forslag til utforming av anlegget. Vidare skal alle detaljplaner for bygg og anlegg knytt til regulering og overføring godkjennast. Evt. nedlegging av anlegget eller deler av anlegget vil måtte gjennomførast i samsvar med prosedyrer etter denne posten.

Post 4. Naturforvaltning.

Fylkesmannen sitt forslag om at det bør kunne gjevast pålegg om oppfølgande fiskebiologiske granskingar og kompensierende tiltak vil vere dekkja av dette vilkåret.